

GRAVFERD PÅ HAVET

Ved dødsfall om bord på skip bør den avlidne først i land dersom det er forsvarleg. Men må det haldast gravferd frå skipet, bør ein nytta ord- ninga nedanfor. Den avlidne skal vera godt sveipt eller lagd i kiste. Der det let seg gjera, vert det ringt med skipsklokka medan ein samlast.

Bibeltekstene i denne ordninga er henta frå Bibel 2024 og Fadervår er frå 2011.

1 | **Salme**

2 | **Bøn**

Kapteinen eller ein annan som leier handlinga | Lat oss be.

Anten **A**

Herre, du har vore ein bustad for oss
i slekt etter slekt.
Før fjella vart fødde,
før jorda og verda vart til,
frå æve til æve er du, Gud.

Du lèt mennesket bli til støv att
og seier: «Menneskeborn, vend attende!»
For tusen år er i dine auge
som dagen i går då han fór framom,
eller som ei nattevakt.

Lær oss å telja våre dagar
så vi kan få visdom i hjartet! **SALME 90,1-4.12**

Eller **B**

Evige Gud, himmelske Far, du har i Son din, Jesus Kristus, gjeve oss siger over døden.
Vi bed deg, lei oss ved din Heilage Ande, så vi aldri kjem bort frå deg, men lever vårt
liv i trua på Son din og eingong når fram til det evige livet i ditt rike, ved Jesus Kristus,
vår Herre.

Eller **C**

Fritt formulert bøn

3 | Skriftlesing

Lat oss høyra Herrens ord.

Som ein far er mild med sine born,
er Herren mild med dei som fryktar han.
For han veit korleis vi er skapte,
han kjem i hug at vi er støv.

Dagane mennesket får, er som gras,
det blømer som blomen på marka.
Når vinden fer over han, er han borte,
staden han stod på, veit ikkje lenger av han.

Men Herrens miskunn er frå æve til æve
over dei som fryktar han. **SALME 103,13-17**

Vår Herre Jesus Kristus seier:

Alle dei som Far gjev meg, kjem til meg, og den som kjem til meg, skal eg så visst ikkje visa bort. For eg er ikkje komen ned frå himmelen for å gjera det eg sjølv vil, men det han vil, han som sende meg. Og det han vil, han som sende meg, er at eg ikkje skal mista nokon av alle dei han har gjeve meg, men reisa dei opp på den siste dagen. For det vil Far min, at kvar den som ser Sonen og trur på han, skal ha evig liv, og eg skal reisa han opp på den siste dagen. **JOH 6,37-40**

Og Herrens apostel seier:

Og eg såg ein ny himmel og ei ny jord. For den første himmel og den første jord var borte, og havet var ikkje meir. Og eg såg den heilage byen, det nye Jerusalem, koma ned frå himmelen, frå Gud, gjord i stand lik ei brur som er pynta for sin brudgom. Og eg hørde frå trona ei høg røyst som sa:

«Sjå, Guds bustad er hos menneska.
Han skal bu hos dei,
og dei skal vera hans folk,
og Gud sjølv skal vera hos dei.
Han skal vera deira Gud.
Han skal tørka kvar tåre frå auga deira,
og døden skal ikkje vera meir,
og ikkje sorg og ikkje skrik og ikkje pine.
For det som ein gong var, er borte.» **OP 21,1-4**

Slik lyder Herrens ord.

4 | **Jordpåkasting**

I namnet åt Faderen og Sonen og Den Heilage Ande.

Deretter kastarein tre gonger jord (sand) på kista og seier:

Fyrste gongen: Av jord er du komen.

Andre gongen: Til jord skal du verta.

Tredje gongen: Av jorda skal du atter stå opp.

Den som leier handlinga, held fram:

Eg er oppstoda og livet. Den som trur på meg, skal leva om han så døyr. 26 Og kvar den som lever og trur på meg, skal i all æve ikkje døy. JOH 11,25-26

5 | **Bøn**

Lat oss be Herrens bøn.

A | Vår Far i himmelen!

Lat namnet ditt helgast.

Lat riket ditt koma.

Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.

Gjev oss i dag vårt daglege brød,

og tilgjev oss vår skuld,

slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.

Og lat oss ikkje koma i freisting,

men frels oss frå det vonde.

For riket er ditt,

og makta og æra i all æve.

Amen

Ein kan og nytta [Fadervår frå 1985](#) eller [Fadervår frå 1938](#)

6 | **Velsigning**

Vår Herre Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik og Den Heilage Andens samfunn vere med dykk/ oss alle.

Medan den avlidne vert søkt i havet, kan det klemtast med skipsklokka.

7 | **Salme**